



Berit Kverneng, som vitja skulen i Uskedalen kvar månad i ein tiårsbolk som spesialkonsulent er ein av eldsjelane bak Eldreveven. Her er ho under ein lutefiskmiddag i Berlin. Bak henne sit Stener Harildstad frå Lillehammer/Oslo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Også i Uskedalen veit eg at det er mange eldre som er flinke til å skriva og som bør bli med i Eldreveven! Har du ei historie, eit dikt eller ein annan tekst som du ønskjer skal bli formidla til andre, må du ikkje nøla med å få han på prent!

Den som kjem med denne oppmodinga er Berit Kverneng, som er ein av eldsjelane bak dette fine tiltaket og som også har ein stor plass for Uskedalen i sitt hjarta.

I tiårsbolken frå 1992 til 2002 var ho besøk på skulen i bygda ein gong i månaden – som spesialkonsulent. Ho er frå Ålesund, men bur i Bergen, nærarere bestemt på Minde. Men uskedalen.no traff henne under den årlege lutefiskmiddagen for nordmenn i Berlin!

- Eg vart så glad i Uskedalen, og då siktar eg både til folk og natur. Fjella er så fine og lyset så spesielt, seier Berit, som aller helst pratar om Eldreveen.

Men kva er så det?

Stutt sagt er det ein nasjonal nettstad med kreative tekstar av og for eldre og alle som er interessert i eldre sine ressursar. Det er Hordaland fylkesbibliotek som driv nettstaden og den vart lansert sommaren 2006. Den er støtta av ABM-utvikling og er Kulturnett Norge si satsing på eldre.

Eldreveen har ei god og informativ nettside som ein finn lett, ved å skriva **eldreveen.no**.

I dag finn ein over 400 tekstar i ulike sjangrar på Eldreveen. Mange av dei er laga i samband med kreative skrivekurs for eldre i Hordaland og fleire andre fylke i landet. Men sjølvsagt er det tekstar også av eldre som ikkje har gått på skrivekurs.

- Kreativiteten forsvinn ikkje med alderen, og det er viktig å ta vare på dei store ressursane dei eldre sit inne med, held dei som står bak Eldreveen fram.

På Eldreveen blir alle typar tekstar av eldre presenterte og dei blir publiserte etter norsk lov. Redaksjonen består av Oddgeir Synnes, Synnøve Gjermundsen og Lena Glesnes. Synnes er høgskolelektor ved Betanian diakonale høgskole medan Glesnes er spesialrådgjevar ved Hordaland fylkesbibliotek og Gjermundsen redaktør for Kulturnett Hordaland.

- Dine minne, draumar og tankar kan ha stor verdi for andre, understrekar dei. Ikkje minst er det interessant å høyre om kvardagen i ei anna tid,

Av Ola Matti Mathisen